



MØTTE HELTEN: Susanne Langnes frå Narvik fekk æra av å erklære Bjarthe Breiteig som vinner av Ungdommens Kritkarpris.

FOTO: VIBEKE RØGLER

# Vann ungdommane sin gunst

Bjarthe Breiteig fekk i går ungdommens kritkarpris for novellesamlinga «Folk har begynt å banke på». Nakent og ujalte, meinte juryen.

Forfattern sjølv synest det er stas å ha nådd fram til eit publikum som ikkje har så store leseerfaring.

– Tenkjer du publikum når du skriv?

– Nei, då har eg berre meg sjølv i hovudet, og kva eg sjølv ville ha lest. Men eg prøver å skrive på ein måte som kan nå alle, seier Breiteig.

– Kva las du då du var på alder med ungdommane som sit i juryen?

– Då var eg i overgangen mellom spenningslitteratur og såkalla ordentleg litteratur.

– Kva var den beste boka?

– På skulen måtte eg lese Tarjei Vesaas. Eg var særst lite motivert for å lese om granskog og slikt. Men då eg begynte å lese, fekk eg ei stor aha-oppleving, og skjøna litteratur kunne gje mykje. Tenk at noko så kjedeleg kunne vere så vakkert!

– Kva betyr det å vinne ein slik pris?

– Det betyr mykje, også at boka mi vil bli kjøpt opp til skoleelevar. Og eit ungt publikum vil kanskje skjønne at dette passar for dei.

Heit uavhengig av at det var han sjølv som i år fekk ungdommens kritkarpris, synest Breiteig at opplegget for prisen, som gjer at så mange skoleklassar les åtte av bøkene som kom ut i fjor, er kjempefint.

– Det gir ungdommane noko strekke seg etter.

**I skolen**

Breiteig arbeider mykje med ungdom og litteratur. Han er ofte i skolen, både fordi han sjølv er forfattar, men også når ærendet er å presentere for eksempel Henrik Ibsen.

– Eg er veldig imponert, eg har besøkt åttande- og niandeklassar som kan «Villanden» på rams og

har stor forståing av kva det dreiar seg om.

Men Breiteig høyrer ikkje til dei som meiner at hovudsaka er at ungdom les, og at kva dei les er mindre viktig.

– Eg meiner det er viktig å finne fram til god litteratur for ungdom, litteratur som gir dei noko å strekke seg etter, seier nyslått vinnar av Ungdommens kritkarpris, Bjarthe Breiteig.

Det var Susanne Langnes frå Frydenlund vidaregåande skole i Narvik som fekk æra av å dele ut prisen.

Ho grunnav karinga av Breiteig som vinnar med at han i boka har lagt vekt på å vere open og ikkje skjule noko. Det gjer boka troverdig, meinte juryen.

– Boka gir stor leseglede og langvarig ettertanke. Forfattern har brukt eit vidt og godt språk med fine skildringar som er lett å lese og forstå. Det er mange tolkingsmoglegheiter, noko som gjer at boka kan opplevast forskjellig, seier Langnes.

**Elevar i juryen**

Ungdommens kritkarpris er ein pris for skjønnlitterær samtidskunst, og det er elevar i vidaregå-

ande skole som sit i juryen. Prisen er knytt opp til Kritkarprisen, og vert delt ut for andre gong i år. I fjor vann Roy Jacobsen prisen for boka «Hoggerne».

Ungdommens kritkarpris vart til etter eit initiativ frå Foreninga !les. Men i samarbeid er også Utdanningsforbundet, Norsk kritikerlag, Utdanningsdirektoratet og Den norske Forleggerforening.

Sju grupper frå vidaregåande opplæring vert plukka ut til å lese bøkene. Elevane kjem frå ulike studieretningar og frå heile landet.

I månads-skiftet oktober/november i fjor plukka ein jury sett ned av Norsk kritikerlag ut åtte av bøkene som kom ut i fjor.

Dei nominerte bøkene var:

**Svendens catering**

Kyrre Andreassen  
Gyldendal

**Armand V**

Dag Solstad  
Oktober

**Gå**

Tomas Espedal  
Gyldendal

**En ettermiddag om høsten**

Mirjam Kristensen  
Oktober

**Grand Manila**

Kjartan Fløgstad  
Gyldendal

**Folk har begynt å banke på**

Bjarthe Breiteig  
Aschehoug

**Helt vanlige mirakler (lyrikk)**

Mona Høvring  
Oktober

**Hverandres (lyrikk)**

Gunnar Wærness  
Oktober

Kvar elevjury fekk tilsendt bøkene, og fram til i februar i år har dei lest, diskutert og vurdert bøkene.

Så har kvar klasse måtta nominere tre bøker, i prioritert rekkjefølge. Og så har ein utsending frå kvar klasse møtt til storjury-møte i Oslo og blitt einige om kven som fortener prisen.

**JANNE GRETE ASPEN**

janne.aspen@nationen.no